

# Velkommen til Landstadseminaret på Nutheim laurdag 30. august 2008

SIGURD TELNES

Det er med stor glede eg kan ynskje velkommen til Landstadseminar her i dette særprega atelieret til Terje Grøstad. I dette sakrale kunstrommet høver det godt å ta fram livet og livsverket til presten, diktaren, folkevise- og folkeminnesamlaren Magnus Brostrup Landstad. Ei meir høveleg og stemningsrik ramme for seminaret er vanskeleg å finne. Her kan augo bla i bibelske motiv frå Terjes hand, og romklangen har løynt på tonane frå fela av Anbjørg og folkevise- og salmeomen etter songen av Sondre frå i går kveld. Let me tanke og minne finne vegen utom husveggene i det fine solljoset, står me midt i "Fjøll-støgo" der myter, segner og folkeviser gjev attklang. Der ute stirer jygrine Tårån i Trøppin frå Skorve, Glima i Rupedalar frå Mælefjøll og Ljose-Signe i Bindingsnuten ned på Flatdalsdalen og kyrkjestaden nett som i Landstad si tid. Her rei han framom og samla motiv til diktet "Aneksreisen". Etter erfaring og med full rett skreiv han:

Når du er Åsebrekken og Svartdalsrøysen klar  
du spørger mon de bakker dog ingen ende tar.  
De fjæringslange kleive de peker opp mot sky,  
så fort den ene slutter du atter har en ny.

Frå Skarsvegen såg han utover fjell og høgder, dalar og tronge juv.  
"Der nere bor omersdølene," skreiv han. Han såg mot den særeigne  
Rønjomnuten og visste om den rasande Røsen som skulle ha tilhald  
der.

Da Rønjom-røsen hørte at kirkeklokken klang  
da fluks en mektig klippe han over dalen svang.  
Den drattet ned i Fossheim-bondens tun med mektig spark,  
men hjuringgutten bar den oppå bakken for en mark.

Seinare skreiv han ned myta om dei underjordiske og folki på Rønjomgarden. Den har særeigne drag som eg vil ta fram i helsingi mi.

Det heitest å vera gode grannetilhøve mellom dei underjordiske som helt til i Rønjomnuten og folki på garden i utgamal tid. Namn og uttrykk gjev ei kjenning av dei farne hundreåri. Det hadde seg slik at dei underjordiske kom i mat- og ølkjellaren til Rønjom-bonden og henta både drikkans og etans. Det brydde ikkje bonden seg om.

Ein dag hørde bonden det var einkvan som tappa av øltunna i kjellaren, men Dagbak, som bonden blei kalla, gjekk til stallen og skulle starve (fore) hestane. Då ropa det oppi Rønjomnuten: "Dagbak, Dagbak be 'n Nåtffag fara fort, Vesletapp i Fjølli æ dau!" Dagbak gjekk innatt og sa fram bødi ut i støgu-rommet: "Vesletapp i Fjølli æ dau. Nåtffag må fara fort." Då lydde det gråt og hulkande klage frå kjellarrommet, men så spurde Nåtffag: "Høtt fe avferd fekk 'n?" Bonden måtte ut på støguhella og rope mot nuten, og svaret kom. "Kalvan spend 'n på varmen." Då blei det endå høgare gråt og klage frå kjellaren, men Dagbak gjekk til stallen og starva hestane. Då han kom innatt, glytte han ned i kjellarrommet som til vanleg var bekmørkt, men nå var det blendande ljost. Det stod ei lysande rynje halvfull av øl. Den glima som ei liti sol og måtte plent vera av gull.

Det heitest at den gjæve rynja har høyrte garden til gjennom generasjonar, men ingen fekk sjå den og lite blei sagt om den løynde skatten. Dei visste vel at det synlege skruknar og smuldrar, men det usynlege varer evig. Skal tru om denne rynja kan vera symbolet på mytene og folkeminni; den løynde skatten Landstad leita etter i dei mange grender og avgøymde gardar. Han opplevde tonar og tankar henta inn frå løynde rom. Sogusegjarane sat der og lydde etter omen frå fortidi og liksom stirde inn i det usynlege som er framtidi.



*Rønjomnuten med gården Rønjom.  
(Foto: Sigurd Telnes)*

Me må ta vare på og nyttegjera oss den store kulturarven Landstad har gjeve oss. Me har grunn til å takke.

Vel møtt til Landstadseminar!

